STRATEGIPLAN FOR JÆRMUSEET

2026–2030

Jærmuseet skal forvalta fortida, fanga samtida og forma framtida.

JÆRMUSEET

OPPLEV · DELTA · UTFORSK

Om Jærmuseet

Jærmuseet blei stifta i 1985 og er regionmuseum for kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola og Time. Jærmuseet er òg regionalt vitensenter for Sørvestlandet.

Kombinasjonen av museum og vitensenter gir Jærmuseet ein unik profil. Som vitensenter knyter me formidlinga av naturvitskap og teknologi til dei kulturhistoriske ramme-forteljingane om regionen. Den kulturhistoriske formidlinga i Jærmuseet sine museums-avdelingar er tilsvarande prega av interaktivitet og utforsking. Jærmuseet sitt motto er **opplev – delta – utforsk**.

Jærmuseet har tretten publikumsarenaer, og er til stades i alle stiftarkommunane.

Jærmuseet sine arenaer:

1. Vitenfabrikken
2. Vitengarden
3. Garborgsenteret
4. Garborgheimen
5. Knudaheio
6. Tungenes Fyr
7. Flyhistorisk Museum Sola
8. Grødalandstunet
9. Limagarden
10. Vistnestunet
11. Haugabakka
12. Varden sjøredningsmuseum + Science Circus, omreisande vitensenter



Jærmuseet er tufta på bygdesamlingane. Museet sine samlingar og formidling skal bidra til å gje innsikt og kunnskap om historia. Gjennom utstillingar og formidling skal museet auka forståinga av samanhengane mellom natur, kultur og teknologi, mellom fortid, nåtid og framtid.

Musea har høg tillit i samfunnet. Jærmuseet skal verna og vidareutvikla posisjonen museet har som ein tillitsvekkande kunnskapsinstitusjon. Museet sine handlingar og aktivitetar skal til ei kvar tid bygga på International Council of Museums (ICOM) sitt etiske regelverk.

Jærmuseet sine kjerneområde er:

- Nyare landbrukshistorie, samtidsdokumentasjon av det moderne landbruket og landbruksrelatert industri.
- Kystverket sitt virkefelt og moderne havbruk.
- Regional industrihistorie.
- Bygd-, by- og kulturhistorie i stiftarkommunane.
- Sivil luftfart, krigs- og militærhistorie.
- Tema knytt til Arne og Hulda Garborgs liv og virke.
- Realfag og teknologi.

Jærmuseet sin strategiplan forheld seg til gjeldande nasjonale og regionale planar for museum og vitensenter. Strategiplanen vert utdjupa i Jærmuseet sine planar for formidling, forsking, samlingsutvikling og bevaring, beredskap og sikring, forretning, marknad og kommunikasjon. Tiltak og prioriteringar vert følgd opp i årlege handlingsplanar for dei enkelte museumsavdelingane.

Særleg prioriterte mål 2026–2030

- Gjera eit felles løft i organisasjonen for å styrka arbeidet med registrering av museumssamlingane.
- Styrka Jærmuseet sin unike eigenart som kombinasjon av museum og vitensenter.

Større utviklingsprosjekt 2026–2030

- Utvikling av pilotutstilling og konsept for Vitenvågen, maritimt vitensenter, Tungenes, Randaberg
- Vidareutvikling av underjordisk magasin i samband med samlingsløftet
- Utvikling av Vitenparken, Vitenfabrikken, Sandnes
- Nybygg i Sømmevågen, Flyhistorisk Museum, Sola

Jærmuseet og samfunnet

Jærmuseet skal ivareta rolla som sentral aktør for å sikra utvikling av grunnleggjande infrastruktur for demokrati, tillit og frie ytringar.

Jærmuseet tek aktivt del i samfunnet, og samarbeider med faginstitusjonar, lag og organisasjonar både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Jærmuseet skal skapa rom for at ulike meiningar kan møtast og brytast, og slik vera med å styrka fellesskapet som dannar rammene for eit aktivt og reflektert samfunnsengasjement. I Garborgs ånd skal Jærmuseet oppmuntra folk til å tenka og meina sjølv, og stilla kritiske spørsmål.

Jærmuseet sine avdelingar skal vera inkluderande møteplassar for innbyggarar frå alle samfunnslag, uavhengig av kjønn, alder, bakgrunn, tru, legning eller funksjonsevne.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Samarbeida med ulike målgrupper i lokalsamfunna som speglar eit mangfald innan kulturell og sosial bakgrunn, funksjonsevne, skular og barnehagar, organisasjons- og næringsliv.
- Løfta fram tema som er aktuelle, relevante og utfordrande, og oppfordra til kritisk tenking.
- Hegna om armlengds avstand-prinsippet, jfr. ICOMs etiske regelverk.
- Legga til rette for aktivitetar som oppmuntrar til innovasjon og nyskaping.
- Ta opp tema og utfordringar knytt til berekraft, klima og miljø.
- Vera ein samfunnsaktuell arena og aktiv bidragsytar gjennom ulike formidlingsmåtar.
- Vera aktiv samarbeidspartnar og bidragsytar i fagnettverk regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Vidareutvikla rolla som regionalt vitensenter for heile Rogaland.

Jærmuseet og samlingane

Jærmuseet skal ha ei berekraftig utvikling av samlingane sine, relevant for forsking og formidling.

Samlingane er kjernen i Jærmuseet, og museet forvaltar store samlingar knytt til landbruk, industri, handverk, kystkultur, luftfart og litteratur. Museet ønsker å spegla mangfaldet av den historiske vekst og utvikling på ulike felt tilhøyrande vårt distrikt som både innflyttaren og seinare generasjonar kan identifisera seg med.

Ei kjerneoppgåve for Jærmuseet er å sikra og verna den materielle og immaterielle kulturarven for framtida. Dette krev gode tilhøve for oppbevaring og tilstrekkeleg grad av sikring. Det gjeld både for gjenstandar, foto, arkiv og for den store samlinga av kulturhistoriske bygg som museet forvaltar.

Jærmuseet skal fortsetta arbeidet med å forvalta kulturmiljø, handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv særleg knytt til tradisjonshandverk, arbeidsmåtane i landbruket, mattradisjonar og språk.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Gjennomføra eit løft innan heilskapleg samlingsutvikling i samarbeid med alle avdelingane i Jærmuseet.
- Legga til rette for at den handlingsborne kunnskapen blir tatt vare på gjennom aktiv bruk, både internt i museet og i samarbeid med eksterne aktørar.
- Gjera samlingane mest mogleg digitalt og fysisk tilgjengeleg for publikum.
- Arbeida for regional og nasjonal koordinering av samlingsarbeidet innan museet sine arbeidsfelt, og bidra til ei dekkande, balansert og berekraftig samlingsutvikling.
- Skapa eit godt kompetansemiljø innan bygningshandverk, konservering og samlingsforvaltning.
- Revidera og samlokalisera samlingar frå ulike lager inn i nytt og moderne magasin.
- Trygga langtidsbevaring av fysisk og digitalt materiale, mellom anna i samarbeid med Nasjonalbiblioteket og Arkivverket.
- Skjøtsel av dei levande samlingar våre (kulturlandskap, hagar og husdyr) skal vera tufta på autentisitet og kunnskap om biologisk mangfald.
- Vera prosjektleiar for ny samlingsforvaltningsplan for Kystverkmusea.

Jærmuseet og kunnskapen

Jærmuseet skal driva forsking som aukar kunnskapen om eigne tema og samlingar.

Jærmuseet skal fortsetja å styrka forskinga og kunnskapsutviklinga i organisasjonen med vekt på samtid og nær fortid, gjennom prosjekt med internasjonal, nasjonal og regional relevans, og auka den vitskaplege og faglege kompetansen i staben.

Jærmuseet samarbeider med ulike forskingsinstitusjonar i Noreg og i utlandet. Jærmuseet vil styrka og vidareutvikla samarbeidet med både vitskaps- og museumsinstitusjonar i planperioden.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Driva eiga forsking, og oppfordra andre fagmiljø til å forska på dei temaa og fagområda som Jærmuseet har særleg ansvar for.
- Styrka den forskingsbaserte formidlinga i utstillingar og aktivitetar, bygd på eiga forsking og dokumentasjon.
- Vera arena for forskingsformidling frå eksterne fagmiljø.
- Vidareutvikla og styrka Jærmuseets forskarforum for tilsette med forskarkompetanse i Jærmuseet og Dalane folkemuseum.
- Gjennomføra didaktiske forskingsprosjekt om Jærmuseet for å undersøka kva effekt formidlinga har på dei besøkande.
- Dokumentera og forska på historia til dei norske sjøtrafikksentralane i regi av Kystverkmusea.
- Samarbeida med Universitetet i Stavanger om museumspedagogikk-utdanninga.
- Vera praksisstad for studentar frå Universitetet i Stavanger.

Jærmuseet og formidlinga

Jærmuseet skal skapa gode opplevingar, nysgjerrigheit og læring, og formidlinga skal vera relevant, aktuell og utfordrande.

Jærmuseet formidlar kunnskap gjennom oppleving, deltaking og utforsking – ein skal læra ved å gjera. Den unike kombinasjonen av museum og vitensenter gjennomsyrer formidlinga på alle våre publikumsanlegg gjennom forteljing, interaktivitet, utforsking og meistring.

Jærmuseet vil gje publikum lyst til å leika og læra, glede ved å gjera, og stimulera viljen og evna til å tenka og meina sjølv. Handlingsboren kunnskap og gode forteljingar skal vera sentralt i formidlinga på Jærmuseet. Formidlinga i Jærmuseet skal fremja ytringskultur og meiningsbryting.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Legga vekt på utstillingane skal ha ei kulturhistorisk ramme og innehalda element som innbyr til aktivitet og refleksjon.
- Styrka kompetansen og bruken av den munnlege forteljinga som metode.
- Auka bruken av tradisjonelt handverk (handboren kunnskap) i organisert formidling og aktivitetsdagar.
- Samarbeida med fag- og referansegrupper i utvikling av nye formidlingskonsept og utstillingar.
- Styrka den forskingsbaserte formidlinga, bygd både på eiga forsking og dokumentasjon.
- Vera aktuell, relevant og synleg i det offentlege rommet.
- Sørga for at alle elevar i Rogaland har tilbod om formidling på eller frå Jærmuseet.
- Driva og vidareutvikla talentsenteret i realfag for Rogaland.
- Undersøka moglegheit for etablering av humanistisk “talentsenter”.

Organisasjonen

Jærmuseet skal vera open for endring, utvikling og omstilling, og ha ein tilpassingsdyktig organisasjon som utforskar nye moglegheiter for framtida. Museet skal legga vekt på fagleg utvikling, kvalitet og profesjonalitet innanfor arbeidsområda i organisasjonen.

I PLANPERIODEN SKAL JÆRMUSEET:

- Styrka Jærmuseet sin særeigne identitet som museum og vitensenter.
- Styrka tillit, fellesskap og samarbeid på tvers i organisasjonen.
- Legga til rette for at våre tilsette får utvikla og styrka kvalifikasjonane og kompetansen innan sine arbeidsområde.
- Innarbeida FNs berekraftsmål i større delar av verksemda og dagleg drift.
- Vera attraktive destinasjonar både for besøkande som kjem langvegsfrå og for innbyggarane i regionen.
- Evaluera om dagens organisering og struktur i Jærmuseet kan forbetrast.
- Utvikla og forbetra evalueringsverktøy og publikumsundersøkingar.
- Arbeida for ein berekraftig økonomi som legg til rette for vekst og effektiv ressursutnytting.
- Tydeleggjera Jærmuseet sin profil og kommunikasjon eksternt.
- Etablera ny språkprofil for Jærmuseet - nynorsk er administrasjonsspråket.